

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/16	Levekårsutvalet	PS	15.11.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anders J. Moen		16/2570

Florø barneskole - prinsipp for vidare arbeid med kroppsøving- og fellesareal

Framlegg til vedtak:

1. Det blir arbeidd vidare med å få på plass areal for kroppsøving og fellesareal ved Florø barneskole. Ein ny hall skal byggast innanfor det geografiske området som blir vist på vedlagt kart.
2. Korleis ein hall ved skulen kan støtte frivillig aktivitet og byutvikling skal også vere ein del av det vidare arbeidet.
3. Medio 2017 vert det lagt fram ei sak for Flora bystyre som viser nytt arealbehov ved skulen, prinsipp for korleis dette kan løysast, førebels kostnadsoverslag og framlegg til vidare prosess og entreprisereform.

Terje Heggheim
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.
Levekårsutvalet - 051/16

LKUV - handsaming:

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

LKUV - vedtak:

1. Det blir arbeidd vidare med å få på plass areal for kroppsøving og fellesareal ved Florø barneskole. Ein ny hall skal byggast innanfor det geografiske området som blir vist på vedlagt kart.
2. Korleis ein hall ved skulen kan støtte frivillig aktivitet og byutvikling skal også vere ein del av det vidare arbeidet.
3. Medio 2017 vert det lagt fram ei sak for Flora bystyre som viser nytt arealbehov ved skulen, prinsipp for korleis dette kan løysast, førebels kostnadsoverslag og framlegg til vidare prosess og entreprisereform.



FLORA
KOMMUNE



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

I Norconsult sin rapport, bestilt av Bystyret kjem det fram at forholda for kroppsøving på Florø barneskole på langt nær er tilfredsstillande. Rapporten viser til at ein skule av denne storleiken minst må ha ein idrettshall som arena for kroppsøvingfaget. Denne rapporten er fylgd opp i "struktur 2020" vedteke i Flora bystyre som ein del av handlingsprogramet for 2016. I denne saka blir det lagt opp til at skulen sine behov for kroppsøving og anna naudsynt areal skal leggest til grunn for den vidare handsaming av saka. I dette ligg det ein geografisk avgrensing av kor ein slik hall kan leggest, samt at dette blir sett i samanheng med byutvikling og idretten sine behov.

Vurdering

Skulen sitt behov

Florø barneskole har ut frå elevtal og tal klassar behov for nytt areal knytt til kroppsøving/fysisk aktivitet. I tillegg har skulen behov for at dette arealet vert så stort at det rommar alle elevar og tilsette til ulike samlingar. Skal eit nytt areal vere funksjonelt er det nødvendig at dette kjem så nær skulen som mogleg. Det vil ikkje vere ei akseptabel løysing at elevane skal krysse trafikert veg for å kome til dette arealet.

Som ein del av at det skal arbeidast med å få på plass ein idrettshall og fellesareal knytt til skulen vil også bli vurdert behov for anna areal. For skulen antar vi at plassering og utforming av nye areal relatert til eksisterende areal/funksjonar vil være heilt sentrale for å få til en god skuledrift. Det å få fram "vi"-følelsen gjennom ein samla bygningsmasse med gode og korte avstander er svært viktig. Dette kan til dømes gjelde inngangsparti som i dag er vanskeleg å oppdage, resepsjon, nye garderobe og toalettforhold til elevane, betre utnytting av personalfunksjonar og koplingar mellom spesialrom/klasserom/SFO. I tillegg til den gamle gymsalen kan også gamlebassenget og tilfluktsrommet omdisponerast.

Florø barneskole har i dag eit tilgjengeleg areal som tilsvarar 8 m² pr. elev. Deler av arealet er i dag til bruk for kommunen sitt avlastningstilbod og har av den grunn ein ikkje optimal bruk for skulen. Til samanlikning har Eikefjord barne- og ungdomsskule tilgjengeleg 16 m² pr. elev før utbygging av fleirbrukshall. Her skal ein likevel merke seg at dei to skulane ikkje er direkte samanliknbare, då EBUS også har ungdomsskuletrinn. Krokane skule, som også er ein rein barneskule, har tilgjengeleg areal på 16,5 m² pr. elev.

Legg ein til grunn at Florø barneskole sitt framtidige arealbehov utgjer snittet mellom dagens faktiske arealbruk og arealbruken til Krokane/Eikefjord skule, får ein flg. arealbehov: $(8 + 16)/2 = 12$ m² pr.



elev. Med eit elevtal på 550 dd har Florø barneskole eit behov på 2200 m² nytt areal.

Ein flerbrukshall, lik den som er under oppføring i Eikefjord, har et samla areal på ca 1600 m². Ved eventuell bygging av ny hall for Florø barneskole kan ein frigjere dagens gymnastikksal, eit areal på ca 150 m² som med innlagt etasjeskille utgjer ca 300m². Arealet kan nyttast til å dekke noko av skulen sitt øvrige arealbehov. For å komme opp på snittet på 12 m² pr. elev, må det byggast nytt areal på ca 300 m². I denne vurderinga er det ikkje tatt omsyn til at hovedbygget ved Florø barneskole er frå 1939. Dersom ein ser vurderer nøkternt vil det reelle behovet for nytt areal før ein gjer detaljerte berekningar på funksjonar og rombehov - være 5-700 m².

Den vidare planprosessen må avklare utforming og plassering av rom ut fra ei effektiv og rasjonell bruk/drift av samla bygningsmasse.

Frivillig sektor kultur/idrett.

I den seinare tida har den organiserte idretten uttrykt ønskje om meir tilgang på halltid. Dette samstundes med at tal aktive medlemmer i idretten går ned. Samstundes som at aktivitetstala i idretten går ned, ser vi at hallkapasiteten i dei to fleirbrukshallane i kommunen, er sprengt. Forklaringa på dette kan vere at det er fleire lag som trenar meir enn tidligare, og at det er komne til fleire lag/idrettar som ønskjer aktivitet i hall. Dialogen med idretten det siste halvåret tilseier at det er ein samanheng mellom tilgjengeleg treningstid og areal - og tilgang på trenarar har betydning for kva mangfald av aktivitet dei kan tilby.

Ein ny hall ved Florø barneskole vil måtte vurderast inn i det samla tilbodet for hallkapasitet i kommunen. I dag er det fleire idrettar og aktivitetar som ikkje har behov for full hallstorleik som nyttar slik hallkapasitet til sin aktivitet, til dømes kampsportane, Friskis og Svettis og dans. Ein ny hall vil kunne gje moglegheiter, rom og utstyr som stettar fleire funksjonar enn ballidrettane. På denne måten kan ein ny hall vere eit svært godt supplement inn i det totale tilbodet.

I oppsummering av anleggssituasjonen gjort i sak om Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet viser at sjølv om det er bygd fleire store anlegg dei siste åra, er det som sagt ikkje fleire aktive utøvarar innan idretten. Det er eit klart fråfall frå den organiserte idretten særleg mellom gruppa 6-12 år og 13-19 år. Fråfallet er størst blant jentene. Ungdata – undersøkinga stadfestar ein nedgang i fysisk aktivitet. Samstundes viser den at jentene endrar treningsvanene sine frå å vere aktiv i organisert idrett, til meir eigenorganisert aktivitet og anna organisert trening (til dømes dans).

Byutvikling

Florø barneskole ligg plassert tett opp til den sentrale bykjerna. Ein ny hall kring denne, vil medføre positiv aktivitet på kvelds og ettermiddagstid tett på byen. For å oppnå denne positive verknaden må tilkomst, parkering, mm for ein hall vere vent mot bysentrum for å få ønska verknad.

Slik det er gjort framlegg om i saka kan ein hall for skulen bli knytt til samfunnshuset. Dette kan gje positive verknadar for samfunnshuset med omsyn dans, andre kulturaktivitetar. Vidare vil ei slik lokalisering også gje moglegheiter for samdrift med kulturhuset. Dersom slik plassering skal bli vellukka må det etablerast ein eller anna form for trafikksikker kryssing av Markegata. Dette kan gjerast som ein del av revidering av Sentrumsplanen med påfølgjande oppgradering av Markegata.

Parkering.

Området som hallen er føreslege lagt inn i har kapasitetsutfordringar når det gjeld parkering. Ein hall vil utløyse behov for parkering. Slik parkering må søkast løyst i samarbeid med andre prosjekt/real for parkering, samt at det må leggjast mest mogleg til rette for at det ikkje er naudsynt å «kjøre til døra». Til dømes gjennom god tilrettelegging for bruk av sykkel. I det pågåande arbeidet med revidering av sentrumsplanen er både parkering og sykkel tema. Dette inneberer at det kan vere mogleg å tilpasse/endre dagens parkeringskrav til å vere tilpassa ein kvardag der bilen ikkje legg premissane for by- og samfunnsutviklinga.

Plankonsekvens

For dei alternativa for lokalisering av hallen kor føremålet er offentleg verksdemd i gjeldande sentrumsplanen vil det vere ein relativt enkel og forutsigbar prosess fram til realisering. Dersom det blir vald å leggje hallen i eit bustadområde eller grøntområde i eksisterande plan vil det vere ein meir omfattande og usikker prosess knytt til planavklaring og realisering.

Økonomiske konsekvensar:

Arbeidet er inntil vidare finansiert innanfor rammene av prosjekt Struktur 2020. Vidare budsjettering og innarbeiding av midlar i investeringsbudsjett kan tidlegast skje i samband med budsjett- og handlingsprogramsarbeidet for 2018.

Vedlegg:
Områdeavgrensing1